



Stendal VVS AS  
Blombakken 1  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2105 - 16/16174

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
10.10.2016

## Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Fosse GBNR 25/53,67.

**Administrativt vedtak. Saknr: 286/2016**

**Tiltakshavar:** Rigmor Ruskedal  
**Ansvarleg søkjar:** Stendal VVS  
**Type utslepp:** Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5  
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

### **Saksutgreiing:**

Det er i søknad, journalført 19.08.2016, og supplerande dokumentasjon, journalført 16.09.2016, søkt om utslepp, 5pe, frå ein fritidsbustad i Ådlandsvegen 110.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til sandfiltergrøft på eigen eigedom. Anlegget er eit to-husanlegg, men denne søknad gjeld for ein fritidsbustad.

Eigedomen har privat vassforsyning.

### Nabovarsling:

Utleppet vart nabovarsla 13.08.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det kom inn ein merknad frå naboeigedomen gbnr 26/1.

Merknaden vart oversendt til ansvarleg søkjar og tiltakshavar for eventuelle kommentarar.

Kommunen mottok 26.08.2016 uttale/kommentarar frå ansvarleg søkjar.

16.09.2016 vart det sendt ut nytt nabovarsel med endra plassering av anlegget. Det er ikkje motteke merknader til dette nabovarselet.

**Vurdering:****Planstatus:**

Fritidseigedomen gbnr 25/53 og 67 ligg i regulert område, planid. 125620060004, Litlebergen.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillir NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

**Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 25/53,67 i samsvar med søknad journalført 19.08.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 16.09.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering på eigen eigedom.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på gbnr 25/53,67, i samsvar med søknad journalført 19.08.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 16.09.2016. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 16.09.2016, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

**Bortfall av løyve:**

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Knut Aase  
Rigmor Ruskedal

Orrevegen 14 5101  
Ådlandsvegen 110 5918

EIDSVÅGNESET  
FREKHAUG

**Mottakere:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND